

Avgrensa samfunnsoppdrag med eit regionalt utgangspunkt

Presentasjon for Nærings- og fiskeridepartementet 28.10.2022

Nasjonal samhandlingsmodell (fylkeskommunane, Forskningsrådet, Innovasjon Norge og Siva)

Nasjonal samhandlingsmodell - bestilling

Bestilling 1

I møte i Nasjonal samhandlingsmodell 6.januar 2022 vart det foreslått å setje ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå nærmere på behovet for «missions»/«kampar som må vinnast».

- Kvar fylkeskommune vert bedt om å gi innspel på større satsingar som fylka har identifisert gjennom sitt strategiske arbeid. Fokus er potensielle satsingar som både løyser ei samfunnsutfordring, og samstundes har eit tydeleg potensial for verdiskaping i ein internasjonalt marknad.
- Det vert etablert ei arbeidsgruppe med ein representant frå Innovasjon Norge, Siva, Norges forskningsråd og fylkeskommunane. Gruppa skal gå gjennom materialet som er sendt inn frå aktørane og foredla dette slik at dette kan fremjast som moglege spissa satsingar til næringsministeren.
- **Målet er at Siva, Forskningsrådet, IN og fylkeskommunane kan samle seg om nokon få spissa satsingar som kan få nasjonal merksemd, nasjonal støtte og som vi saman kan bidra til å realisere.**
- Leveranse: 13. mai 2022

Bestilling 2

I møtet 13. mai i Nasjonal samhandlingsmodell var det semje om at AU samhandlingsmodell saman med arbeidsgruppa skulle lage eit forslag til konkret oppfølging av arbeidet og prosessen vidare, på bakgrunn av dei innspela som kom i møtet.

AU samhandlingsmodell ber arbeidsgruppa om å arbeide med eit forslag til:

- Korleis kan FK saman med den regionale partnarskapen konkret følgjee opp arbeidet vidare med tre avgrensa samfunnsoppdrag (missions).
- Mulegheiter for finansiering, organisering og samarbeid med næringslivet.
- Leveranse: September 2022

Avgrensa samfunnsoppdrag

Vi kallar dei spissa satsingane for avgrensa samfunnsoppdrag. Desse skal ha karakter av å vere akselerande, heller enn transformerande. Dei krev brei forankring og tverrsektorielt samarbeid, men føreset ikkje store sosiale endringar. Oppdraga kan løysast ved hjelp av forsking, teknologiske løysingar og industrielt samarbeid.

Hovudmålet er å sørge for at eksisterande satsingar vert vidareutvikla, skalert opp og brukt i eit omfang som gjev tydelege effektar for å nå målsettingane.

Om samfunnsoppdrag:

- ✓ Satsingane skal være banebrytande og resultere i synlege løysningar på definerte samfunnsutfordringar
- ✓ Måla skal være klart definerte og tidfesta
- ✓ Framdrifta må kunne målast og korrigerast undervegs
- ✓ For å nå måla er det behov for ein koordinert innsats og arbeid på tvers av sektorar og politiske område

Føresetnader for å lukkast:

- ✓ at det er brei semje om og politisk forankring av satsingane, og grunnlag for å prioritere oppgåvene over tid
- ✓ at satsingane har ei klar regional forankring og at aktivitetane kan gjennomførast regionalt
- ✓ at det blir gitt eit tydeleg oppdrag, og at det er tilstrekkeleg utvikla verkemidlar for å mobilisere til felles innsats blant offentlege og private aktørar for å nå målet
- ✓ at vi set i gang arbeidet sjølv om ikkje alle forhold er avklarte, og klarer å takle utfordringar undervegs

Den store utfordringa som alle fylkeskommunane trekkjer fram, er reduksjon av klimagassutslepp og grøn omstilling.

Næringslivet seier at kundane i aukande grad set krav om lågast mogleg CO₂-avtrykk. Norske bedrifter må lukkast med dette for å kunne ta ein konkurranseposisjon i den internasjonale marknaden. Det hastar med å finne nye løysingar.



FNs klimapanel: – Det er nå eller aldri

Utslippane har aldri vært høyere. Toppen må være nådd innen 2,5 år – hvis ikke er det for sent å unngå de verste konsekvensene, slår FNs klimapanel fast i ny rapport.



Milana Knežević
Journalist

Kirsti Haga Honningsvåg
Journalist

Hans Cossen-Eide
Journalist

Heidi Taksdal Skjæseth
Journalist

Tiril Mørkessletter Solvan
Journalist

Publisert 4. april kl. 16:59
Oppdatert 4. april kl. 20:07

Tre avgrensa samfunnsoppdrag med eit regionalt utgangspunkt:

For at Norge skal lukkast med grøn omstilling og bidra til å løyse den globale klimakrisa, er det påkravd med nokre store industrielle løft knytt til produksjon av fornybar energi, t.d. batteri, hydrogen, havvind, biogass, CO₂-fangst og -lagring. Det trengst føreseielege rammevilkår, statlege investeringar, risikoavlastning og tilgang til kraft. Dette krev samarbeid mellom nasjonale, regionale og kommunale styresmakter.

Det Nasjonal samhandlingsmodell vil rette spesiell merksemrd mot utfordringar som aktørane regionalt ikkje klarer å løyse godt nok innanfor dagens verkemiddelsystem, men som har eit stort verdiskapingspotensiale. Ei felles utfordring fylkeskommunane har spelt inn er å realisere og skalere opp dei nye grøne verdikjedene. Dette har vist seg å vere krevjande. Mange av fylkeskommunane var difor opptekne av å utnytte synergiar mellom verdikjeder for å lukkast med dette. Ei av utfordringane er at utvinning, prosessering og bruk av materiale i dei prioriterte verdikjedene genererer store mengder utslepp og avfall. Det same gjeld transport av råstoff, utstyr og varer til sjøs og på land. På bakgrunn av dette er det definert tre avgrensa samfunnsoppdrag:

- 1. Utvikle grøn sirkulær industri gjennom industriell symbiose på tvers av verdikjeder**
- 2. Byggje infrastruktur for grøn sirkulær industri**
- 3. Kompetanseløft for å realisere grøn sirkulær industri**

Kva skal vi få til innan 2030?

I. Utvikle grøn sirkulær industri gjennom industriell symbiose på tvers av verdikjeder

1. Kvart fylke realiserer minst to industrielle symbiosar for å utnytte ressursar som går til spille i dag, og setje dei inn i produksjonssykluser
2. Utvikle 100 grøne industriområde/næringsområde med netto nullutslepp gjennom industriell symbiose, på tvers av verdikjeder

II. Byggje infrastruktur for grøn sirkulær industri

1. Samarbeidande bedrifter i fylka, som utviklar nye industrielle symbiosar, har tilgang til naudsynt grøn infrastruktur
2. Dei 100 industriområda/næringsområda har tilgang til infrastruktur som er naudsynt for å skalere opp dei grøne verdikjedene gjennom industriell symbiose (t.d. krafttilgang, digital infrastruktur, infrastruktur for grøn transport, testinfrastruktur/testfasiliteter, fysisk infrastuktur for industriell symbiose knyttet til industrisatsingane, etc)

III. Kompetanseløft for å realisere grøn sirkulær industri

1. Alle samarbeidande bedrifter i fylka som utviklar nye industrielle symbiosar, har tilgang på kritisk kompetanse
2. Alle vekstbedrifter i industriområda har tilstrekkelig tilgang på kritisk kompetanse

Døme på industriell symbiose

Sirkulær Solør Hub – Innlandet

Sirkulær Solør foredlar skogråstoff til byggevarer og utviklar sirkulær verdiskaping ved å ta imot og foredle avfall frå byggenæringa. Ambisjonen er å utvikle følgande sideproduksjonar:

- Biokull: Produksjon av høgverdi biokull på basis av rest-energi og restbiomasse frå sagbruk og plateproduksjonen i området.
- Retur-tre anlegg: Sortere og prosessere byggavfall til bruk i avansert plateproduksjon.
- Veksthus: Både sagbruk og plateproduksjon genererer store mengder spillvarme som kan nyttast av produsentar som bruker større friareal i vekstsesongen.

Finnfjord smelteverk – Troms og Finnmark

Finnfjord smelteverk produserer ferrosilisium og har store ambisjonar om å drive energivennleg og meir sirkulærøkonomisk.

Sidan 2015 har smelteverket hatt eit forskingsprosjekt for å nytte restvarme til dyrking av algar. Algane tek opp CO₂ frå røykgassen, noko som kan halvere CO₂-utslippene. Algane kan i sin tur nyttast til produksjon av laksefôr og kosttilskot.

Algane trenger også fosfat som kan skaffast frå avfallet i et oppdrettsanlegg.

Bedrifta har også satt inn Norges største dampturbin som trekker ut elektrisk kraft frå eksosvarme.

Fjord Base – Vestland

Norges største forsyningsbase med høg aktivitet, og eit mål om å vera «one-stop-shop» for logistikktenestar, samt å bli verdas grønaste forsyningsbase med nullutslepp innan 2030. Basen dekkar i dag eit industriareal på 885 000 m².

Dei nyttar kompetansen som bygd opp gjennom fleire tiår til å diversifisere aktiviteten på basen, og ta del i den gryande marknaden innan nye, grøne verdikjeder.

Dette gjer dei ved å sjå all aktiviteten på basen i samanheng, knytte saman ulike verdikjedar til gjensidig nytte for kvarandre, og utvikle nye prosjekt på ein heilskapleg måte med stort fokus på industriell symbiose. Konkrete døme er å bruke oksygen og spillvarme frå hydrogenproduksjon til oppdrettsanlegg på land, og slam frå oppdrettsanlegg til biogassanlegg.

Samanheng med nasjonal politikk

NIFU har utvikla ein modell kor dei viser ulike nivå av samfunnsoppdrag ¹⁾: 1) Samfunnsoppdrag, 2) Stort overgripande samfunnsoppdrag, 3) Målretta samfunnsoppdrag, 4) Avgrensa samfunnsoppdrag og 5) Avgrensa prosjekt

I framlegget frå arbeidsgruppa er nasjonale forpliktingar og satsingar frå Hurdalsplattforma lagt inn på nivå 1-3, illustrert på neste side. Dei tre satsingane som arbeidsgruppa har føreslått er plassert inn på nivå 4. På nivå 5 kan det leggjast inn prosjekt. Dette må det arbeidast vidare med.

Gjennomføring av dei avgrensa samfunnsoppdraga vil og bidra til å styrke satsingane i Veikart for grøn industriøft.

Samfunnsutfordring

Stoppe
klimaendringane –
«We must go faster»

Stort, overgripande samfunnsoppdrag

Kutte norske utslipp med 55 prosent
mot 2030 sammenlignet med 1990, og
oppnå netto nullutslipp i 2050

Målretta samfunnsoppdrag

Minst mulig
ressurser skal gå til
spille og måtte
håndteres som avfall

Halvere utslippene
fra
transportsektoren
innen 2030

Sikre tilgang til
kompetanse til
framtidige
industrietableringer

Avgrensa samfunnsoppdrag

Utvikle grøn sirkulær
industri gjennom
industriell symbiose
på tvers av verdikjeder

Byggje infrastruktur
for grøn sirkulær
industri

Kompetanseløft
for grøn sirkulær
industri

Avgrensa prosjekt

FNs
Berekraftsmål

Nasjonal
klimaforplikting

Hurdals-
plattforma

FK, IN, FR og
Siva sine forslag
til satsingar

Døme på
prosjekt

Nokre barrierar og utfordringar

- Per i dag er ikkje næringslivet tilstrekkeleg insentivert til å bidra til etableringa av sirkulære forretningsmodellar
- Ingen finansieringsordningar for felles infrastruktur for å dele ressursar
- Stort behov for risikoavlasting i ein periode, for å få etablert grøne verdikjeder og skape marknad
- Det er krevjande å drive industriell symbiose i praksis - ingen som har ansvaret. Manglande kapasitet
- Det tek for lang tid å få løyst regulatoriske forhold og andre barrierar for utvikling
- Innovasjonsprosjekt med høgt verdiskapingspotensiale er på vent, som følgje av kraftsituasjonen
- Manglar klargjorde industriområde
- Fell mellom eksisterande støtteordningar. Verkemidlane er retta inn mot einskildbedrifter, ikkje konsortium
- Manglande samordning av verkemidlar for kompetanseutvikling



Korleis kan fylkeskommunane, saman med den regionale partnarskapen, konkret følgje opp arbeidet vidare med dei tre avgrensa samfunnsoppdraga?

1. Dei tre avgrensa samfunnsoppdraga vil bli fremma til politisk behandling i alle fylkeskommunane

Fylkeskommunane forpliktar seg her til å:

- Vidareføre eit fylkesovergripande samarbeid for å leggje til rette for å realisere dei tre avgrensa samfunnsoppdraga
 - Dei avgrensa samfunnsoppdraga skal utviklast som nasjonale samfunnsoppdrag gjennom fylkeskommunane sine nettverk og i «firepartssamarbeidet», som består av fylkeskommunane, Innovasjon Norge, SIVA og Norges forskningsråd.
 - Å utarbeide ein tids- og ressursplan for gjennomføring i et partnarskap med næringslivet, kommunane og de statlege- og fylkeskommunale samarbeidspartnarane.. I det ligg å identifisere potensielle industriområde og industrielle symbiosar.
2. Utnytte virkemiddelaktørane sin lyttestefunksjon og deira kontinuerlege kontakt med det regionale næringslivet
 3. Styrke bruken av verkemiddel for offentleg-private innovasjonssamarbeid.

Korleis få til eit samarbeid mellom regionalt og nasjonalt nivå?

1. Oppmode IN, SIVA og FR om å gå gjennom sine verkemidlar og vurderer korleis desse kan innrettast mot dei tre samfunnsoppdraga. Det er tre typar verkemidlar som er relevante:
 1. Finansielle verkemidlar
 2. Midlar til samspel og samarbeid
 3. Midlar til kompetanseutvikling
2. Rette ein førespurnad til Klima- og miljødepartementet om å gå gjennom verkemidlane til Enova og vurdere om dei i større grad kan rettast inn mot dei tre samfunnsoppdraga.
3. Rette ein førespurnad til Kunnskapsdepartementet om å etablere søkeradsordningar for etter- og vidareutdanningar som er retta inn mot dei nye industrialsingane med tilhøyrande verdikjeder.
4. Synleggjere for Regjeringa at dei tre samfunnsoppdraga er ei operasjonalisering av «Veikart for grønt industriløft», og at det er behov for ekstraordinære tiltak, t.d. at Statnett får i oppdrag å sørge for tilstrekkeleg krafttilgang til dei 100 industriområda
5. Sjå på den totale porteføljen av verkemidlar og vurdere korleis desse kan samordnast for å få fram synergiar og forsterke effektane

Korleis kan arbeidet organiserast – i eit samarbeid mellom fylkeskommunane, IN, SIVA og Forskningsrådet?

1. Etablere eit nasjonalt nettverk for fylkeskommunane, SIVA, IN, Forskningsrådet, med forpliktande deltaking, som skal jobbe saman for å realisere dei tre samfunnsoppdraga, gjennom erfaringsutveksling og kunnskapsdeling
2. Utarbeide ein prosessguide som støtte til fylkeskommunane i deira arbeid med samfunnsoppdraga, jf parameter 3.
3. Få på plass ein «fasilitator» som kan støtte og utfordre fylkeskommunane i deira prosesser. Dette bør vera ein dedikert ressurs frå ein av fylkeskommunane, som kan følgje opp arbeidet over tid.
4. Legge føringar for organivering og samarbeid i oppdragsbrev frå fylkeskommunane til IN og SIVA. Oppmøde departementet om å gje føringar om deltaking frå Forskningsrådet i det årlege oppdragsbrevet.